



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Arne Erstad, 5557 2223

Vår dato
22.05.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/5886 733.0
Dykkar referanse
16/2141

Radøy kommune

Sendast berre som e-brev til:

postmottak@radoy.kommune.no

Høyringsuttale - Lokal forskrift om tildeling av langtidsplass i sjukeheim mv - Radøy kommune

Vi viser til brev av 4 mai 2017, vedlagt utkast til forskrift. Fylkesmannen har følgjande innspel:

§ 7, om kriterium knytt til ønskje / brukarmedverknad

Bokstav a) om kartlegging (IPLOS) høyer etter vår vurdering inn under § 8, kriterium knytt til saksutgreiinga. Elles er innhaldet her først og fremst saksbehandling, under dette samtykke, informasjon/rettleiing og medverknad. Sjå særleg bokstavane b), c) og d). Det er positivt at dette blir omtala.

§ 8, om kriterium til saksutgreiinga

Her viser kommunen berre til vedlagte prosedyre for inntaksnemnda i kommunen. Dette kan vere nyttig for saksbehandlarane, men er vanskeleg for innbyggjarane å forstå.

Kartlegging (IPLOS) høyrer, som nemnt ovanfor, etter vår meining inn under § 8.

Fylkesmannen saknar at kriterium blir meir utdjupa i forskrifta. Her er moment som kan vere aktuelle:

- Helsetilstand: Kor omfattande er behovet, kor lenge har vedkomande hatt behov for hjelp, om vedkomande treng tenester/tilsyn heile døgnet, med korte mellomrom, kva for hjelp vedkomande treng og pasientens føresetnader for å tilkalle hjelp. Mental og kognitiv tilstand: Korleis skal dette vere vurdert?
- Evne til eigenomsorg. Personleg eigenomsorg og føresetnader for å klare daglege gjeremål.
- Butilhøve og nettverk. Kva blir vektlagt? Nettverk og deira omsorgsevne.

§ 9, om rett til vedtak

- Alle som søker langtidsplass i sjukeheim skal ha vedtak. Dette gjeld om dei får innvilga langtidsplass, om dei får innvilga andre tenester, eller om dei får avslag. Innbyggjarane bruker ikkje ord som enkeltvedtak, men forstår kva eit vedtak er.

- I § 9 siste avsnitt omtaler kommunen klageretten. Vi tilrår at opplysningar om klagerett går samla fram av § 12, som gjeld klage.

§ 12, om klage

- Her bør det gå fram at kommunen sender saka til Fylkesmannen for endeleg avgjerd om klagar ikkje får fullt ut medhald.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Arne Erstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.